

## Skade på naustet på Rydjajorda

Uveret i julehelga 2011 har dessverre gjort skade på naustet på Rydjajorda. Etter at vi fekk melding om skaden var Kaare, Jan og Terje på synfaring torsdag 29.12. Heldigvis var det ikkje skade på bygningane i Årdalen.

På Rydjajorda har ekstremflo og tung sjø saman med vind av orkan styrke gjort stor skade på naustet. Deler av ytste veggen er slegen inn, og eine naustdøra er borte. Også inste langveggen har fått skade.



Rammeverket (skråstiver, spikar-slag og golvbjelkar), kledning og golv er brotne av og er ikkje å finne att. Det same gjeld naustdøra. Også deler av muren under ytste veggen er vaska bort.

Båten i naustet har havbåra lagt opp på ein haug materialar, og ein dregg har sett hol i båten.

Like innanfor naustet var garn-kuler, kork og ein hummarkasse skylt i land. Dette har vi fått berga.

Sjøen har elles gjort skade på teiner og liknande som sto lagra bak i naustet.



Skaden er såpass stor at det vil bli til dels omfattande arbeid å rette opp berande stolpar, få på plass skråstiver og legge golvbjelkar. Fyrst då kan det leggest nytt golv og veggane kan kleast igjen. Truleg må det meste av det som er lagra i naustet lagrast ute før vølingsarbeidet kan ta til.

29.12.2011

th